

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **15. februar 2021** blei det halde digitalt møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Ole Ørjan Hov.

MØTESTAD:	Møteportalen Zoom
MØTESTART/-SLUTT:	kl.17.00 – kl. 18.15
MØTANDE MEDLEMMER:	Ole Ørjan Hov (MDG), Arne Valen (Sp), Solfrid Aasen (Sp), Gustav Eidsvåg (Frp) og Marit Elise Lier (Ap)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Helga Rognstad, Deloitte AS Bergen i sak 3/21
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Jostein Førre
ANDRE SOM MØTTE:	Hovudtillitsvald Elin Bua, Fagforbundet og hovudverneombod Vigdis Askeland Dahle i sak 2/21
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.11.20

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 16.11.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.02.21:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.02.21:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 16.11.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/21 ORIENTERING FRÅ EIN AV DEI HOVUDTILLITSVALDE OG HOVUDVERNEOMBUDET

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek hovudtillitsvald frå Fagforbundet Elin Bua og hovudverneombod Vigdis Askeland Dahle si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.02.21:

Hovudverneombod Vigdis Askeland Dahle fortalte at hovudoppgåva hennar var å ha kontakt og koordinere HMS-arbeidet opp mot 17 verneombod ute i einingane. Ho hadde samarbeid med personalkontoret, einingsleiarane og dei tillitsvalde. Ved konflikhtar vert HVO automatisk kobla inn. Kommunen har to fellessamlingar i året, kor det blir gjeve rettleiing om prosedyrar og kommunen sitt avvikssystem.

Utvalet hadde spørsmål om korleis koronatiden hadde vore for dei tilsette. Ho meinte det hadde vore utfordrande, spesielt i skule og barnehage, men også innan helse og omsorg, spesielt i starten. No var mange slitne og dette gav ny utfordingar. Sjukefråver på 7,5 %, hadde likevel ikkje steget i 2020, men så var talet i 2019, i følgje rådmannen, veldig høgt.

Det blei spurt om retting av avvik og verktøyet LEAN. Ho opplyste at nokre av avvika er gjengangarar, slik til dømes dei som er knytte til «utagerande elevar». Dei har hatt eigen HMS-dag med det som tema i fjor før nedstenginga. Ho hadde bare positive tilbakemeldingar om LEAN, der tanken er at dei tilsette saman skal finne ei løysing. Fase 2 og 3 i innføringa blei lagt på vent i fjor pga. smitteverntiltaka.

Hovudtillitsvald frå Fagforbundet Elin Bua representerer ca. 200 medlemmar innan alle yrkesgrupper (25 yrkestilar). Dei fleste er i skule, barnehage, omsorg, kontor og rehabilitering. Det var ønskje om at kvar eining hadde eigen plasstillitsvald, men at det på nokre arbeidsplasser var det vanskeleg å få arbeidstakarar til å ta på seg verv. Ho framheva at det var viktig å skilje mellom person og rolle.

Sjølv opplevde ho Sveio som liten, kor det var lett å komme i dialog med leiinga. Ho meinte at leiinga no var tidligare ute enn før med involvering og bruk av drøftingsmøte ved omstilling/endringar. Vidare meinte ho at kommunen sitt organisasjonskart også burde inneholdt opplysningar om tillitsvaldsapparatet og deira rolle.

Utvalsleiar takka dei båe to for nyttig informasjon.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.02.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek hovudtillitsvald frå Fagforbundet Elin Bua og hovudverneombod Vigdis Askeland Dahle si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 3 /21 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJON - PROSJEKTMANDAT – «TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING»

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontrollutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS

Ramma vert sett til 250 timar.

Alternativt:

Sveio kontrollutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» i tråd med utkast til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS, men også med hovudproblemstilling pkt. 4 knytt til sjølv gjennomføringa av spesialundervisninga.

Ramma vert sett til 300 timar.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.02.21:

Forvaltningsrevisor Helga Rognstad orienterte om formålet med revisjonen, dei ulike problemstillingane, metodeval og timeomfang.

Utvalsleiar gjorde merksam på at dersom problemstilling pkt. 4 blei tatt med, var det usikkert om budsjettamma vil helde.

Utvalet trakk fram spørsmålet om PPT er tilstrekkeleg bemanna og om korleis val av tre skular skulle gjerast. Helst ville utvalet hatt saker frå alle fem skulane. Revisor meinte det ville føre til auka kostnader, då talet ville då auke frå 6 til 10. Utvalet falt ned på at revisjonen vel skular etter at dei har sett på resultata frå GSI-basen.

Utvalsleiar ønskte å ta med pkt. 4, då det kunne vere mykje læring der, og at dei satsa på at ramma ville helde. Utvalet støtta hans framlegg om å vedta det alternative framlegget.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.02.21:

Sveio kontrollutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» i tråd med utkast til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS, men også med hovudproblemstilling pkt. 4 knytt til sjølv gjennomføringa av spesialundervisninga.

Ramma vert sett til 300 timar.

SAK 4/21 INVITASJON TIL DELTAKING I FORVALTNINGREVISJON AV HAUGALANDSPAKKEN

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar fylkestinget si invitasjon til ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken til orientering.

Utvalet finn prosjektmandatet interessant og ønskjer å bli halden løypande orientert om arbeidet og dei konklusjonar som vil bli tatt når rapport ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.21:

Utvalsleiar innleia. Han såg seg nøgd med sekretariatet si innstilling. Han meinte det ikkje var noko trong for Sveio å be om tillegg i mandatet. Utvalet støtta leiar sitt syn.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar fylkestinget si invitasjon til ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken til orientering.

Utvalet finn prosjektmandatet interessant og ønskjer å bli halden løypande orientert om arbeidet og dei konklusjonar som vil bli tatt når rapport ligg føre.

SAK 5 /21 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET - ÅRSMELDING 2020

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2020. slik ho ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2020 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.02.21:

Utvalet slutta seg til innhaldet slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.02.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2020 slik ho ligg føre.

og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2020 til orientering.

SAK 6/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.02.21

1. Statusrapport pr. februar 2021
2. Kommunestyrevedtak 07.12.20, sak 131/20 – Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS) – ny samarbeidsavtale
3. Kom.styrevedtak 07.12.20, sak 135 – Oppfølging av forvaltningsrevisjon- Barnevern
4. Rekneskapstall 2020 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
5. Budsjett 2021 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 02.12.20
7. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 11.12.20
8. Kommunal rapport 15.12.20 – Kommunale kontrollutval – lokaldemokratiets vaktbikkje

Møte nr. 1/21

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.02.21:

Sekretær orienterte. Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.02.21:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 1 – 8 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag **3. mai kl. 18.00** (av omsyn til revisor)

Saker: orientering frå personalsjef, forvaltningsrevisjonsrapport om FOS, årsrekneskapen for 2020

Sveio/Aksdal, 15. februar 2021

Ole Ørjan Hov
kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø
utvalssekretær